



15. oktober 2024

Til beitelaga i Vestland fylke

## Organisert beitebruk – søknad om tilskot til drift av beitelag 2024

Tilskot til drift av beitelag er ein del av dei regionale miljøtilskota i jordbruket (RMP). Beitelaga kan søkje om driftstilskot innan **15. november**.

Tilskotet vert løyvd per dyr som er sleppt på utmarksbeite. Dei førebelse satsane er på **kr 30 for småfe** og **kr 35 for storfe/ hest**. Tilskotet vert utbetalt i mars 2025.

### Vilkår

Det kan gjevast tilskot til beitelag som er registrerte i Einingsregisteret og som har beitedyr i utmark i minst 5 veker. Beitelaget må ha minst 2 medlemmar, organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve (minimumskrav er felles ettersankedato for beitelaget/kommunen), og må ha levert inn **tilleggsinformasjon**. Tapstal for beitelaget skal vere rapportert i eigen rubrikk i søknadsskjemaet.

### Denne tilleggsinformasjonen må beitelaget ha med i søknaden:

- Dato for siste årsmøte (evt. planlagd)
- Sum midlar på beitelagskonto per 1. november i søknadsåret
- Kort årsmelding som syner aktivitet i laget og målretta bruk av midlar i søknadsåret, samt eventuelle utfordringar for beitelaget og bruken av beite

Dette kan skrivast i merknadsfeltet eller lastast opp som vedlegg.

Vi set pris på om de òg skriv litt om dykkar vurdering av beitesesongen og årsaker til tap.

Tala som kjem inn i rapporteringa er viktig statistikk. Dei syner endring i tal beitedyr, og utfordringar for ulike område i fylket. Det er difor viktig at beitelaga leverer oppdaterte tal for alle beitebrukarane, både for sleppte og tapte dyr. Pass på å registrere laget/ medlemmane i riktig beiteområde i nedtrekksmenyen.

**Søknadsfristen er 15. november.** Det vert trekt kr 1.000,- per dag for søknader som vert levert etter søknadsfristen. Søknader levert seinare enn 14 dagar etter fristen vert avvist. Vi oppmodar alle om å søkje elektronisk via Altinn. Her finn de søknadsskjema og rettleiing til elektronisk søknad: [Tilskudd til drift av beitelag \(OBB\) - Landbruksdirektoratet](#). Viss de har vore inne i

søknaden ein gong og valt fylke, vil de finne att søknaden under *Registrerte søknader* neste gong de loggar inn.

### Søknadsinformasjon

- Beitelaget må vere registrert med organisasjonsnummer i Einingsregisteret i Brønnøysund.
- Det er den som står som kontaktperson for laget i Brønnøysundregisteret som kan søkje. (Det er mogleg å delegere dette ansvaret i Altinn. Dersom beitelagsleiaren er ny, må den tidlegare leiaren gi rettigheter til den nye leiaren).
- Alle medlemmane i beitelaget må ha organisasjonsnummer for at opplysningane skal kunne registrerast. Dette får dei ved å registrere seg i Einingsregisteret.
- Søknaden skal registrerast i den kommunen der hovuddelen av beiteområdet er.
- Det er tal dyr sleppt på **utmarksbeite**, ikkje innmarksbeite, som skal registrerast
- **Hugs tilleggsinformasjon i merknadsfeltet eller som vedlegg**
- Endringar i beitelagsområdet skal sendast separat til kommunen slik at dette vert endra i beitelagskartet hos NIBIO.
- De kan finne meir informasjon på [www.statsforvalteren.no/vl/rmp](http://www.statsforvalteren.no/vl/rmp).

### Spørsmål

Spørsmål kring søknaden skal rettast til landbruksforvaltninga i kommunen. Ver ute i god tid, og ta kontakt så fort som mogleg om de får problem med søknaden. Det er vanskeleg å endre noko etter at søknaden er levert.

### Kva kan driftstilskotet brukast til?

Tilskotet kan brukast til alle tiltak i regi av beitelaget som er positive for beiting i utmark. Føremålet med tilskotet er å stimulere til samarbeid med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Slikt samarbeid kan mellom anna gjelde tilsyn, sanking, transport av dyr og varer til og frå utmarksbeite, rydding av stiar, etablering og vedlikehald av gjerde mot og i utmark, bruer, sankekvever, ulike installasjonar, fagmøte, eller innkjøp av hjelpemiddel.

I tillegg til at driftstilskotet kan brukast til fellestiltak for heile eller deler av beitelaget, kan og enkeltmedlemmar søkje beitelaget om støtte til investeringar eller tiltak som er positive for beitebruk i utmark. For større investeringar og tiltak kan beitelaget søkje kommunen om investeringsstøtte (Tilskot til tiltak i beiteområde) i tillegg til driftstilskotet. Både investeringsstøtta og driftstilskot skal brukast til tiltak i utmark, ikkje på innmark.

### Organisering av beitelaga

Eit beitelag kan omfatte eit større geografisk område slik at også føretak som er åleine i sitt utmarksområde kan vere medlem. Det er store fordelar ved å vere med i beitelag, både sosialt og økonomisk, og vi ønskjer at fleire organiserer seg. Nokre beitelag omfattar heile kommunar. Det vil variere mellom beitelaga i kor stor grad samarbeid kring organisert tilsyn og sanking kan

utførast grunna dyr i ulike beiteområde, men minimumskravet er felles ettersankedato for beitelaget eller kommunen.

### **Søknad om rovvilterstatning 2024**

Vi minner om at søknadsfristen for å søke om rovvilterstatning er **1. november**. Søknad må sendast i det elektroniske søknadssenteret på Miljødirektoratet si heimeside, sjå: <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>. Spørsmål kan rettast til Hermund Mjelstad på tlf. 48 14 30 95 eller e-post: [hermund.mjelstad@statsforvalteren.no](mailto:hermund.mjelstad@statsforvalteren.no).

Med venleg helsing

**Silje Anette Lyhammer og Maria Makloufi Skjold**  
seniorrådgjevarar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 55 57 21 51/ 55 57 20 09

E-post: [silje.lyhammer@statsforvalteren.no](mailto:silje.lyhammer@statsforvalteren.no) og [maria.makloufi.skjold@statsforvalteren.no](mailto:maria.makloufi.skjold@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)